

**KOMMISJONSDIREKTIV 97/65/EF****av 26. november 1997****om tredje tilpassinga til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 90/679/EØF om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for biologiske agenser på arbeidsplassen(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 17,

med tilvising til rådsdirektiv 90/679/EØF av 26. november 1990 om vern av arbeidstakerne mot fare ved å være utsatt for biologiske agenser på arbeidsplassen (sjunde særdirrektiv i henhold til artikkel 16 nr. 1 i direktiv 89/391/EØF)<sup>(2)</sup>, sist endra ved kommisjonsdirektiv 97/59/EF<sup>(3)</sup>, særleg artikkel 19,

med tilvising til fråsegna frå Det rådgevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen og

ut frå desse synsmåtane:

Dei føresegnene som er fastsette i direktiv 90/679/EØF, må reknast som ein viktig del av den heilskapelege metoden for å verne helsa til arbeidstakarane på arbeidsplassen.

Føremålet med rådsdirektiv 93/88/EØF<sup>(4)</sup>, der det er fastsett ei første liste over biologiske agensar på grunnlag av definisjonane i artikkel 2 bokstav d) nr. 2, 3 og 4 i direktiv 90/679/EØF, er å harmonisere tilhøva på dette området og samstundes tryggje dei framstega som er gjorde.

Lista over og klassifiseringa av dei biologiske agensane må granskast jamleg og reviderast med grunnlag i nye vitenskaplege data. Særleg i lys av nye vitenskaplege prov med omsyn til mogleg overføring til menneske av agensen for bovin bongiform encefalopati (BSE), er det naudsynt å tilpasse klassifiseringa av BSE-agensen og vise til varianten av Creutzfeldt-Jakobs sjukdom.

Arbeidstakarar må vernast mot mogleg overføring på arbeidsplassen av spongiforme encefalopatiar (TSE-ar) som kan overførast frå menneske og dyr.

(\*) Denne rettsakten, kunngjort i EFT L 335 av 6.12.1997, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 94/98 av 25. september 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

<sup>(1)</sup> TEF nr. L 183 av 29.6.1989, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF nr. L 374 av 31.12.1990, s. 1.

<sup>(3)</sup> TEF nr. L 282 av 15.10.1997, s. 33.

<sup>(4)</sup> TEF nr. L 268 av 29.10.1993, s. 71.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i direktiv 89/391/EØF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

Vedlegg III til direktiv 90/679/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

*Artikkel 2*

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 30. juni 1998. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 26. november 1997.

*For Kommisjonen*

Pádraig FLYNN

*Medlem av Kommisjonen*

*VEDLEGG*

I vedlegg III til direktiv 90/679/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I lista «VIRUS»
  - vert ordlyden «Ukonvensjonelle agenser knyttet til (i)» bytt ut med «Ukonvensjonelle agenser knyttet til overførbare spongiforme encefalopatier (TSE-er)»,
  - vert følgjande nye agensar lagde til under «Ukonvensjonelle agenser knyttet til overførbare spongiforme encefalopatier (TSE-er)» og klassifiserte på følgjande måte etter posten «Creutzfeldt-Jakobs sykdom»:
    - «Variant av Creutzfeldt-Jakobs sykdom», klassifisert i gruppe 3(\*\*) med fotnote «D (d)»,
    - «Bovin spongiform encefalopati (BSE) og andre beslektede TSE-agenser hos dyr (i)», klassifisert i gruppe 3(\*\*) med fotnote «D (d)».
2. Teksta i fotnote «(i)», som står etter lista over virus, skal lyde: «Det foreligger ingen bevis for at det hos mennesker kan forekomme infeksjoner som skyldes agenser som forårsaker andre TSE-er hos dyr. For laboratoriearbeid anbefales likevel inneslutningsnivå 3(\*\*) som forebyggende tiltak, unntatt for laboratoriearbeid i forbindelse med en identifisert scrapie-agens, der inneslutningsnivå 2 er tilstrekkelig.»